

Eknes Eiendom AS  
Leknesvegen 254  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/8992 - 21/6626

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
29.01.2021

## Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 196/86 Midtgård

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom  
Byggjestad: Gbnr: 196/86  
Tiltakshavar: Eknes Eigedom AS  
Søkjjar: Nils Åge Spurkeland og Svanhild Spurkeland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad samt tidlegare etterspurd informasjon.

### Mottakskontroll

Kommunen har ved ny gjennomgang av søknaden funne at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Arealet som vert søkt frådelt er uregulert. Arealet er sett av til næringsføremål i kommunedelplan for Lindås (tidlegare kommuneplan for Lindås). I føresegnene punkt 2.2 står at areal sett av til mellom anna bygg og anlegg skal inngå i reguleringsplan før det kan gjevast løyve til deling. Dersom ein ønskjer å oppretthalda søknaden utan å gå vegen om reguleringsplan må ein søkja om dispensasjon frå føresegnene på dette punktet. Slik dispensasjon skal vera grunngeven og skal nabovarslast. Informasjon kring dette med dispensasjon finn ein mellom anna på heimesidene til kommunen: <https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/nabovarsel/>  
Sidan saka har lagt lenge i kommunen utan framdrift, kan kommunen sende eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering til naboane dersom ein ikkje ønskjer å foreta ei ny nabovarsling no. Du kan nytte vedlagte skjema for søknad om dispensasjon.
2. Det må søkjast om utvida bruk av avkøyrsla til fylkesvegen 5452 Leknesvegen. Informasjon om søknad om utvida bruk av avkøyrsla finn du mellom anna på heimesidene til kommunen: <https://www.alver.kommune.no/innhald/veg-vatn-avlop-og-boss/veg/avkoyring-fra-kommunal-veg/>
3. Det må søkjast om dispensasjon frå byggjegrænse mot offentleg veg, E39 Osterfjordvegen. Byggjegrænse er 50 meter frå midt veg. Søknaden må sendast digitalt på vegvesen.no.

Kommunen ber om at tilleggsm informasjon vert sendt inn samla innan 28.02.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Dispensasjon-Skjema

### **Kopi til:**

Nils Åge Spurkeland

Leknesvegen 236

5915

HJELMÅS

### **Mottakarar:**

Eknes Eiendom AS

Leknesvegen 254

5915

HJELMÅS